

Hyttejubileum på fjellet laurdag 20. mai.

24.01.2017



Hyttestyret for Fjelly: Anette Sund, Mariann Hauso og Janne Yri planlegg 100 års jubileet.

Hyttestyret gjer i kveld kjend at 100 års markeringa er lagt til laurdag 20. mai. Festen for ung og gamal skal sjølvstundt vera på fjellet. Det vert lagt opp til ei brei markering med aktivitetar for born, familiar og andre interesserte. Nemnda har mange og gode tankar om jubileet. Eit ferdig program vert kunngjort når alle avtalar er på plass.



[Audun Eik](#) og [Lars Myklebust](#), sentrale personar i arbeidet med hytta Fjelly, her saman med hyttestyret og [Britt Iren Tjelle Østebø](#). Den historiske delen skal dokumenterast ved innsamling og registrering av bilete og anna skriftleg tilfang. Planen for dette vart gjort kjend i kveld. Britt Iren Tjelle og Hans Ordin Østebø er fagleg ansvarlege. Alle vert oppmoda om å finna fram bilete med motiv frå fjellet og hytta, ta med til neste samling som skal vera tysdag 7. februar. Frå kl. 17 vert det gjort klart for scanning og registrering. Innsamla materiale vert synt fram. Foto med god kvalitet vert samla i ei fotobok.

I ungdomslaget sitt arkiv finn vi i dag 21 bilete, det meste frå eldre tid. Mange har bilete frå bygging og dugnader. Uskedal skule har truleg bilete frå klasseturar og overnattingar på Fjelly. Fiske og bruk av båt og naust er ein viktig del av fjellkulturen på Mannsvatnet. Hyttefestane på 1980 og 1990 talet må takast med.

Merk dykk tysdag 7. februar frå kl. 17. Finn fram foto, ta med til Helgheim for scanning og du tek bilete/albumen med heim att.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Hans Ordin Østebø vil ha det faglege ansvaret for scanning og dokumentasjonsarbeid.